

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2017/EØS/6/03

av 19. april 2012

om endring av vedlegga til vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at Latvia er offisielt fri for brucellose og at visse regionar i Italia, Polen og Portugal er offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose

[meld under nummeret K(2012) 2451]

(2012/204/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innanfor Fellesskapet⁽¹⁾, særleg vedlegg A avsnitt I nr. 4, vedlegg A avsnitt II nr. 7 og vedlegg D avsnitt I del E, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Direktiv 64/432/EØF vert nytta på handel med storfe og svin i Unionen. I direktivet er det fastsett kva vilkår som ligg til grunn for at ein medlemsstat eller ein region i ein medlemsstat skal kunne godkjennast som offisielt fri for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose hjå storfebuskarar.
- 2) Vedlegga til kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskarar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose⁽²⁾ inneheld lister over medlemsstatar og regionar i desse som er vortne godkjende som offisielt frie for høvesvis tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose.
- 3) Italia har sendt over til Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for tuberkulose, er oppfylte for provinsane Asti og Biella i regionen Piemonte.
- 4) I tillegg er provinsen Ascoli Piceno alt ført opp i kapittel 2 i vedlegg I til vedtak 2003/467/EF som ein region i Italia som er offisielt fri for tuberkulose. På grunn av den administrative inndelinga av Italia er provinsen Ascoli Piceno i regionen Marche delt inn i to åtskilte provinsar: provinsen Ascoli Piceno og provinsen Fermo.

Opplysningane om Italia i den lista som er ført opp i kapittel 2 i vedlegg I til vedtak 2003/467/EF, bør difor endrast.

- 5) Portugal har lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for tuberkulose, er oppfylte for alle administrative område (distritos) innanfor den overordna administrative eininga (região) Algarve i Portugal.
- 6) Som følgje av vurderinga av den dokumentasjonen som Italia og Portugal har lagt fram, bør provinsane Asti og Biella i regionen Piemonte i Italia og alle administrative område (distritos) innanfor den overordna administrative eininga (região) Algarve i Portugal godkjennast som regionar som er offisielt frie for tuberkulose i høvesvis Italia og Portugal.
- 7) Italia har òg sendt over til Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for brucellose, er oppfylte for alle provinsane i regionen Valle d'Aosta i Italia.
- 8) Latvia har òg lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for brucellose, er oppfylte for heile territoriet til denne medlemsstaten.
- 9) Portugal har òg lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for brucellose, er oppfylte for alle administrative område (distritos) innanfor den overordna administrative eininga (região) Algarve i Portugal.
- 10) Som følgje av vurderinga av den dokumentasjonen som Italia, Latvia og Portugal har lagt fram, bør Latvia få status som medlemsstat som er offisielt fri for brucellose, og alle provinsane i regionen Valle d'Aosta i Italia og alle administrative område (distritos) innanfor den overordna administrative eininga (região) Algarve i Portugal bør godkjennast som regionar som er offisielt frie for brucellose i høvesvis Italia og Portugal.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 109 av 21.4.2012, s. 26, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 1/2013 av 1. februar 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 31 av 30.5.2013, s. 1.

⁽¹⁾ TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

⁽²⁾ TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74.

- 11) Italia, Polen og Portugal har lagt fram for Kommissjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for enzootisk bovin leukose, er oppfylte for provinsane Catania, Enna, Palermo og Ragusa i regionen Sicilia i Italia, for 19 administrative regionar (powiaty) innanfor dei overordna administrative einingane (voivodskapa) Kujawsko-Pomorskie, Pomorskie, Warmińsko-Mazurskie og Wielkopolskie i Polen og for alle administrative område (distritos) innanfor dei overordna administrative einingane (regiões) Centro og Lisboa e Vale do Tejo og for fire administrative område (distritos) innanfor den overordna administrative eininga (região) Norte i Portugal.
- 12) Som følge av vurderinga av den dokumentasjonen som Italia, Polen og Portugal har lagt fram, bør provinsane Catania, Enna, Palermo og Ragusa i regionen Sicilia i Italia, dei 19 administrative regionane (powiaty) innanfor dei overordna administrative einingane (voivodskapa) Kujawsko-Pomorskie, Pomorskie, Warmińsko-Mazurskie og Wielkopolskie, og alle dei administrative områda (distritos) innanfor dei overordna administrative einingane (regiões) Centro og Lisboa e Vale do Tejo og fire administrative område (distritos) innanfor den overordna administrative eininga (região) Norte, godkjennast som regionar som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose i høvesvis Italia, Polen og Portugal.
- 13) Vedlegga til vedtak 2003/467/EF bør difor endrast.
- 14) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegga til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 19. april 2012.

For Kommissjonen

John DALLI

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

I vedlegga til vedtak 2003/467/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I skal kapittel 2 lyde:

«KAPITTEL 2

Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for tuberkulose

I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara.
- Provinsen Bolzano.
- Regionen Emilio-Romagna.
- Regionen Friuli-Venezia Giulia.
- Regionen Lazio: provinsane Rieti og Viterbo.
- Regionen Lombardia.
- Regionen Marche: provinsane Ascoli Piceno og Fermo.
- Regionen Piemonte: provinsane Asti, Biella, Novara, Verbania og Vercelli.
- Regionen Sardinia: provinsane Cagliari, Medio-Campidano, Ogliastra, Olbia-Tempio og Oristano.
- Regionen Toscana.
- Provinsen Trento.
- Regionen Veneto.

I Portugal:

- Região Algarve: alle område (distritos).

I Det sameinte kongeriket:

- Storbritannia: Skottland.»

2) Vedlegg II skal lyde:

«VEDLEGG II

KAPITTEL 1

Medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
EE	Estland
IE	Irland
FR	Frankrike
LV	Latvia
LU	Luxembourg
NL	Nederland

ISO-kode	Medlemsstat
AT	Austerrike
PL	Polen
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige

KAPITTEL 2

Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose

I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara.
- Provinsen Bolzano.
- Regionen Emilio-Romagna.
- Regionen Friuli-Venezia Giulia.
- Regionen Lazio: provinsane Frosinone, Latina, Rieti og Viterbo.
- Regionen Liguria: provinsane Imperia og Savona.
- Regionen Lombardia.
- Regionen Marche.
- Regionen Molise: provinsen Campobasso.
- Regionen Piemonte.
- Regionen Puglia: provinsen Brindisi.
- Regionen Sardinia.
- Regionen Toscana.
- Provinsen Trento.
- Regionen Umbria.
- Regionen Valle d'Aosta.
- Regionen Veneto.

I Portugal:

- Região Algarve: alle område (distritos).
- Região Autónoma dos Açores (den autonome regionen Azorane): øyane Corvo, Faial, Flores, Graciosa, Pico og Santa Maria.

I Spania:

- Provinsen Santa Cruz de Tenerife.
- Provinsen Las Palmas.

I Det sameinte kongeriket:

- Storbritannia: England, Skottland og Wales.
- Isle of Man.»

3) I vedlegg III skal kapittel 2 lyde:

«KAPITTEL 2

Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose

I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara.
- Provinsen Bolzano.
- Regionen Campania: provinsen Napoli.
- Regionen Emilio-Romagna.
- Regionen Friuli-Venezia Giulia.
- Regionen Lazio: provinsane Frosinone, Rieti og Viterbo.
- Regionen Liguria: provinsane Imperia og Savona.
- Regionen Lombardia.
- Regionen Marche.
- Regionen Molise.
- Regionen Piemonte.
- Regionen Puglia: provinsen Brindisi.
- Regionen Sardinia.
- Regionen Sicilia: provinsane Agrigento, Caltanissetta, Catania, Enna, Palermo, Ragusa, Siracusa og Trapani.
- Regionen Toscana.
- Provinsen Trento.
- Regionen Umbria.
- Regionen Valle d'Aosta.
- Regionen Veneto.

I Polen:

- Voivodskapet Dolnośląsk

Powiaty:	bolesławiecki, dzierzoniowski, głogowski, górowski, jaworski, jeleniogórski, Jelenia Góra, kamiennogórski, kłodzki, legnicki, Legnica, lubański, lubiński, lwówecki, milicki, oleśnicki, oławski, polkowicki, strzeliński, średzki, świdnicki, trzebnicki, wałbrzyski, Wałbrzych, wołowski, wrocławski, Wrocław, ząbkowicki, zgorzelecki, złotoryjski.
----------	--

- Voivodskapet Lublin

Powiaty:	białski, Biała Podlaska, biłgorajski, chełmski, Chełm, hrubieszowski, janowski, krasnostawski, kraśnicki, lubartowski, lubelski, Lublin, łączyński, lukowski, opolski, parczewski, puławski, radzyński, rycki, świdnicki, tomaszowski, włodawski, zamojski, Zamość.
----------	---

— Voivodskapet Lubusz

Powiaty:	gorzowski, Gorzów Wielkopolski, krośnieński-odrzański, międzyszycki, nowosolski, słubicki, strzelecko-drezdenecki, sulęciński, świebodziński, Zielona Góra, zielonogórski, żagański, żarski, wschowski.
----------	---

— Voivodskapet Kujawsko-Pomorskie

Powiaty:	aleksandrowski, brodnicki, bydgoski, Bydgoszcz, chełmiński, golubsko-dobrzyński, grudziądzki, inowrocławski, lipnowski, Grudziądz, mogileński, nakielski, radziejowski, rypiński, sępoleński, świecki, toruński, Toruń, tucholski, wąbrzeski, Włocławek, włocławski, żniński.
----------	---

— Voivodskapet Łódź

Powiaty:	bełchatowski, brzeziński, kutnowski, łaski, łęczycki, łowicki, łódzki, Łódź, opoczyński, pabianicki, pajęczański, piotrkowski, Piotrków Trybunalski, poddębicki, radomszczański, rawski, sieradzki, skierniewicki, Skierniewice, tomaszowski, wieluński, wieruszowski, zduńskowolski, zgierski.
----------	---

— Voivodskapet Małopolskie

Powiaty:	brzeski, bocheński, chrzanowski, dąbrowski, gorlicki, krakowski, Kraków, limanowski, miechowski, myślenicki, nowosądecki, nowotarski, Nowy Sącz, oświęcimski, olkuski, proszowicki, suski, tarnowski, Tarnów, tatrzański, wadowicki, wielicki.
----------	--

— Voivodskapet Mazowieckie

Powiaty:	białobrzegi, ciechanowski, garwoliński, grójecki, gostyniński, grodzki, koziński, legionowski, lipski, łosicki, makowski, miński, mławski, nowodworski, ostrołęcki, Ostrołęka, ostrowski, otwocki, piaseczyński, Płock, płocki, płoński, pruszkowski, przasnyski, przysuski, pułtuski, Radom, radomski, Siedlce, siedlecki, sierpecki, sochaczewski, sokołowski, szydłowiecki, Warszawa, warszawski zachodni, węgrowski, wołomiński, wyszkowski, zwoleniński, żuromiński, żyrardowski.
----------	--

— Voivodskapet Opolskie

Powiaty:	brzeski, głubczycki, kędzierzyńsko-kozielski, kluczborski, krapkowicki, namysłowski, nyski, oleski, opolski, Opole, prudnicki, strzelecki.
----------	--

— Voivodskapet Podkarpackie

Powiaty:	bieszczadzki, brzozowski, dębicki, jarosławski, jasielski, kolbuszowski, krośnieński, Krosno, leski, leżajski, lubaczowski, łańcucki, mielecki, niżański, przemyski, Przemyśl, przeworski, ropczycko-sędziszowski, rzeszowski, Rzeszów, sanocki, stalowowolski, strzyżowski, Tarnobrzeg, tarnobrzeki.
----------	---

— Voivodskapet Podlaskie

Powiaty:	augustowski, białostocki, Białystok, bielski, grajewski, hajnowski, kolneński, łomżyński, Łomża, moniecki, sejneński, siemiatycki, sokólski, suwalski, Suwałki, wysokomazowiecki, zambrowski.
----------	---

— Voivodskabet Pomorskie

Powiaty:	Gdańsk, gdański, Gdynia, lęborski, pucki, nowodworski, Sopot, wejherowski.
----------	--

— Voivodskabet Śląskie

Powiaty:	będziński, bielski, Bielsko-Biała, bieruńsko-lędziński, Bytom, Chorzów, cieszyński, częstochowski, Częstochowa, Dąbrowa Górnicza, gliwicki, Gliwice, Jastrzębie Zdrój, Jaworzno, Katowice, kłobucki, lubliniecki, miłkowski, Mysłowice, myszkowski, Piekary Śląskie, pszczyński, raciborski, Ruda Śląska, rybnicki, Rybnik, Siemianowice Śląskie, Sosnowiec, Świętochłowice, tarnogórski, Tychy, wodzisławski, Zabrze, zawierciański, Żory, żywiecki.
----------	---

— Voivodskabet Świętokrzyskie

Powiaty:	buski, jędrzejowski, kazimierski, kielecki, Kielce, konecki, opatowski, ostrowiecki, pińczowski, sandomierski, skarżyski, starachowicki, staszowski, włoszczowski.
----------	--

— Voivodskabet Warmińsko-Mazurskie

Powiaty:	bartoszycki, braniewski, działdowski Elbląg, elbląski, ełcki, giżycki, gołdapski, iławski, kętrzyński, lidzbarski, mławowski, nidzicki, nowomiejski, olecki, olsztyński, ostródzki, Olsztyn, piski, szczycieński, węgorzewski.
----------	--

— Voivodskabet Wielkopolskie

Powiaty:	gostyński, jarociński, kaliski, Kalisz, kępiński, kolski, koniński, Konin, krotoszyński, międzychodzki, nowotomyski, ostrowski, ostrzeszowski, pleszewski, rawicki, słupecki, szamotulski, średzki, śremski, turecki, wolsztyński, wrzesiński, złotowski.
----------	---

I Portugal:

- Região Algarve: alle område (distritos).
- Região Alentejo: alle område (distritos).
- Região Centro: alle område (distritos).
- Região Lisboa e Vale do Tejo: alle område (distritos).
- Região Norte: område (distritos) Braga, Bragança, Viana do Castelo og Vila Real.
- Região Autónoma dos Açores (den autonome regionen Azorane).

I Det sameinte kongeriket:

- Isle of Man.»